


Lindås kommune,
Dokumentsenteret,
Kvernhusmyrane 20,
5914 ISDALSTØ



Seim, laurdag den 14.06.2014.

Dykkar referanse 14/2474-14/11909

Klage på dispensasjon og løyve til tiltak – etablering av bustad Gbnr. 177/21 Nesse.
Saknr.:074/14

I samband med nabovarselet gjorde eg merknad at tomten ikkje låg rett plassert i høve til det som situasjonsplanen viser. I kommentar frå ansvarleg søkjar vil han ikkje kommentera plasseringa av tomten sidan denne er utført av Lindås kommune etter opprinneleg skyldskifte. På skyldskiftet står det at tomten ligg lenger sør enn det som situasjonsplanen viser. Dessutan er ikkje retningane og lengdene på dei fire sidene som utgjer bruk nr. 21 samanfallande på skyldskiftet og på situasjonsplanen.



Nord- austre hjørnet på tomten er teikna inn 25,4 meter

- Raud strek er tomtegrense etter situasjonsplan.
- Grå strek er tomtegrense etter skyldskiftet.

Kommentar:

Dette er laga ut frå nettsida
www.nordhordlandskart.no

Den grå tomtegrensa er ikkje heilt nøyaktig, men den viser at plassering og fasong ikkje stemmer overeins med tomtegrensene på situasjonsplanen .

Lengdene på sidene på tomten:

	Etter situasjonsplan	Etter skyldskifte
Austside	Ca. 24,5 m	26,4 m
Sørside	Ca. 25,7 m	30 m
Vestside	Ca. 34,2 m	35,3 m
Nordside	Ca. 22,9 m	22,9 m


Sjå elles vedlagt skyldskifte på bnr. 21. At grensene ikkje er samanfallande på situasjonsplanen og skyldskiftet er ikkje av stor betydning for meg, for tomten er i det same området. Når ansvarleg søkjar vert gjort merksam på dette i nabovarselet og

ikkje undersøker og utgreier det betre vil eg gjere merksam på dette. Dessutan skal skyldskifte og tomtegrenser vera samanfallande. Slike saker kan skapa store tvister i framtida med eventuelt ulike eigarar på så vel bruk nr. 6 og nr. 21.

Som kartet over viser ligg vegen fram til bruk nr. 21 på sørsida av tomten. Som eg nemnde i merknaden til nabovarselet er denne vegen laga av første eigar av bnr. 21. Det var faktisk denne vegen som gjorde det mogeleg å kjøra traktor til innmarka aust for dette området. Skyldskiftet viser at bnr. 21 har vegrett frå fylkesvegen og over bruk nr. 6 og fram til den sørlege tomtegrensa. Driftsbygningen som vert nemnd i skyldskiftet stod på høgre side av avkjøring på fylkesvegen. Denne er no reven og området vert nytta til parkerings- og lagringsplass.

Når det legg ein vegrett på ein definert stad meiner eg at denne må nyttast. Det vert feil å grunngjeva søknaden med at ein vil skjerma tilkomst til huset frå driftsbygning og eksisterande tun ved å leggja vegen til tomten ein annan stad. Då er det eg som får uiempene og belastning med vegen rett framfor heile vestsida av min eigedom. I dette området er det nok vegar som det er.

Nedfor er eit kart over området der eg har teikna inn dei vegane som er i dag. Tomtegrensene etter skyldskiftet er ikkje teikna inn på dette kartet.



Veg inn til hovudhus bnr.6
vegen tilhøyrande bnr. 21.
Opprinneleg veg/gongsti til bnr. 9.
Vegen til bnr. 21 etter situasjonsplanen.
Eksisterande veg på austsida av min eigedom.

Handwritten text at the top of the page, appearing to be a header or introductory paragraph.

Main body of handwritten text, consisting of several lines of cursive script.

Handwritten text at the bottom of the page, possibly a signature or a closing note.



Som ein ser er det nok vegar i dette området. Å leggja ein ny veg framfor mi tomtegrense er heilt uakseptabelt både med tanke på ulempene eg vert påført, det faktum at det alt ligg mange vegar i området frå før, bnr. 21 har vegrett etter skyldskiftet - vegen ligg der i dag og til slutt vil vegen framfor eigedommen min vera parallell med fylkesvegen og får trafikk belastninga. Delar av den prosjekterte vegen går over dyrka mark som er av høg og god kvalitet og dette langs min eigedom.

Den beste løysinga for vegen til bnr. 21 er at vegen ligg som skreve på skyldskiftet. For gardshuset vert trafikken til bnr. 21 skjerma av ein garasje. Dyra held til i søre del av driftsbygningen og vil ikkje få noko ulemper av kjøring til og frå eigedomen. Dessutan er det tiltakshavar som òg eig bnr. 6 og såleis er det same personar som kjem til å nytta vegen som og nyttar driftsbygningen og området rundt.

Oppsummert vil eg berre nemna at eg ikkje har nokon ting i mot at bnr. 21 vert nytta til bustad. Men det er viktig at tomtegrensene som er beskrevne i skyldskiftet vert fulgt. Når det er definert vegrett i skyldskiftet og vegen ligg der er det logisk at den vert nytta.

Med venleg helsing:

Berit Nesse

Berit Nesse.

Eigar av bnr. 32.

Eit vedlegg:

- Skyldskifte den 25.april 1964 bnr. 21